



Innkalling
av
Administrasjonsutvalet

Møtedato: 21.11.2017
Møtestad: Kantina, rådhuset
Møtetid: 14:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per epost til
Folkevalde@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
005/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/17	Godkjenning av møteprotokoll
007/17	Økonomiplan 2018 - 2021
008/17	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 21.11.2017

14. november 2017

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/17	Administrasjonsutvalet	PS	21.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/3371

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/17	Administrasjonsutvalet	PS	21.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/3371

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 31.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent



Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 31.05.2017
Møtestad: Kantina, rådhuset
Møtetid: 09:00 - 10:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Utvalseiar
Dag Hugaas	AP	Nestleiar
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Liv Berit Haukås	FAG	Medlem
Bente Zakariassen	DE	Medlem
Jarle Næss	UTD	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Karl Vågstøl	H	Nina Stabell Øvreås

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Charlie Mykling-sekretær, Helge Erik Tangen-personalsjef, Leni Dale-kommunalsjef

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/17	Godkjenning av møteprotokoll
003/17	Lønnspolitisk plan for Lindås kommune - orientering
004/17	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 31.05.2017

001/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

31.05.2017 Administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ADM - 001/17 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

002/17: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

31.05.2017 Administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM - 002/17 VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte - 24.11.2016 - er godkjent

003/17: Lønnspolitisk plan for Lindås kommune - orientering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering

31.05.2017 ADMINISTRASJONSUTVALET

Orientering til saka v/personalsjef Helge Erik Tangen.

Protokollmerknad frå:

Bente Zakariassen, Delta

Liv Berit Haukås, Fagforbundet

Jarle Næss, Utdanningsforbundet

I drøftinga av lønspolitisk plan i HTV-møte 8.5. var arbeidstakarorganisasjonane einstemmige i høve til to punkt:

Organisasjonane sit med ei oppleving av at det gjennom fleire lokale forhandlingar ikkje har vore god nok bruk av det som står i lønspolitisk plan om samheng mellom kompetanseutvikling og løn.

Organisasjonane ønskjer utreiing av ei automatikkordning, der relevant godkjent vidareutdanning gjev eit kjent lønstilllegg ved innlevert vitnemål.

Organisasjonane melder si uro over at ein del arbeidstakarar i veldig liten grad ser sin næraste leiar, mellom anna ved å jobbe i ulike bygg eller til ulike tider. Organisasjonane meiner at fokus på at leiarane skal vere aktive i høve til å foreslå at einskildpersonar skal få lønsauke basert på innsats, ansvar og måloppnåing, vil slå ulikt ut for ulike arbeidstakarar, då ikkje alle blir sett i same grad.

Dei fleste organisasjonane var einige om at det i lønspolitisk plan framleis er for stor plass vigd til individuelle lønnskriteria som innsats.

Medlinga vert teke til orientering ved protokollmerknad - samrøystes

ADM - 003/17 VEDTAK:

Meldinga vert teke til orientering

004/17: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 31.05.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

31.05.2017 Administrasjonsutvalet

Orientering til saka v/Leni Dale

- Lindås 2019
- Ny kommune

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM - 004/17 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
	Eldrerådet	PS	
059/17	Levekårsutvalet	PS	21.11.2017
007/17	Administrasjonsutvalet	PS	21.11.2017
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	17/1684

Økonomiplan 2018 - 2021

Vedlegg:

Økonomiplan 2018 - 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Investeringsbudsjettet for 2018 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune opp 255 497 000 kr i lån på generelle investeringar i 2018 og 132 000 000 kr i lån på sjølvkostområdet (vann og avløp). Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
2. Økonomiplan for 2018-2021 og årsbudsjett for 2018 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2018 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til tenesteområda.
4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2017 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.
6. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
7. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 300 000 kr og 2 400 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik
8. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
9. Godtgjersle til ordførar blir sett til 1 114 322 kr og til varaordførar 445 729 kr for 2018.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i administrasjonsutvalet, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og leveårsutvalet.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret



LINDÅS KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 14. NOVEMBER 2017



DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



Framlegg til vedtak:	4
Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2018 – 2021	5
Disponible inntekter	6
Disposisjonsfond.....	10
Økonomiplan for tenesteområda	12
Skjema 1B, netto driftsutgifter.....	12
Innsparingstiltak 2018 - 2021	12
Strategiske satsingsområder	12
Politisk styring	14
Administrativ styring, andre støttefunksjonar	15
Budsjett og økonomiplanperiode.....	15
Oppvekst	16
Budsjett og økonomiplanperiode.....	16
Barnehagar	17
Lindås vaksenopplæring	18
Læringscenteret	18
PPT.....	18
Helsestasjon for born og unge.....	18
Ungdomskontakten Salto	18
Barnevern	18
Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune.....	19
Pleie og omsorg	20
Budsjett og økonomiplanperiode.....	20
Forvaltningskontor	20
Sjukeheimar	20
Heimetenesta	20
Tenester for funksjonshemma	21
Helse og sosial	22
Budsjett og økonomiplanperiode.....	22
Helsetenesta.....	22
NAV.....	22
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	24
Budsjett og økonomiplanperiode.....	24
Næring	24
Kultur og aktivitetar	25

Plan og arealforvaltning.....	25
Teknisk drift.....	25
Brann og redning	25
Eigedom	25
Investeringsbudsjett	26
Finansiering	28
Kommentarar til prosjekta	28

Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2018 er basert på forventna framdrift på tidlegare vedteke prosjekt i tillegg til nokre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune opp 255 497 000 kr i lån på generelle investeringar i 2018 og 132 000 000 kr i lån på sjølvkostområdet (vann og avløp). Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
2. Økonomiplan for 2018-2021 og årsbudsjett for 2018 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2018 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparing til tenesteområda.
4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2017 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11).

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera ein-skildsaker om skattefritak og nedsetting/ettergjeving.
6. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
7. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 300 000 kr og 2 400 000 kr for å dekkje renter og avdrag på lånet for Kyrkja i Knarvik
8. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
9. Godtgjersle til ordførar blir sett til 1 114 322 kr og til varaordførar 445 729 kr for 2018.

Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2018 – 2021

Lindås kommune har dei siste åra hatt ein offensiv utviklingsstrategi knytt til utvikling av tenester, organisasjon og samfunn. Hovudmålet er å ha eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling. Nøkkelen til eit slikt handlingsrom er riktig balanse mellom driftsnivå og investeringar. I Lindås kommune er dette løyst med å ha årlege innsparingstiltak i drifta, for å kunne gjennomføre eit ambisiøst investeringsbudsjett. Det er avgjerande å klare innsparingsmåla for å få økonomiplanen i balanse.

Økonomiplanen 2018 – 2021 byggjer vidare på det utviklingsløpet som har lagt i økonomiplanarbeidet frå 2015/2016, og det er dei politiske vedtaka som ligg til grunn når rådmannen utarbeider sitt framlegg til økonomiplan. I arbeidet med økonomiplanen 2018 – 2021 har det vore fleire faktorar som har gjort det utfordrande å få til eit budsjett i balanse. Dette gjeld mellom anna:

- Endringar i inntektssystem og kostnadsnøklar frå 2017 gjer at kommunen får lågare rammeinntekter enn tidligare år. Dette vil påverke rammene i økonomiplanperioden.
- Lindås kommune har lågare skatteinngang enn landsgjennomsnittet, og veksten i dei frie inntektene for 2018 er lågare enn forventa.
- Lindås kommune har satsa på busetting av flyktningar, beskrive gjennom ein eigen flyktningplan. Det kjem færre flyktningar enn tidligare antatt og Lindås kommune får ikkje ta imot det talet på flyktningar som er vedtatt. Det betyr lågare inntekter for kommunen og ein må skalere ned det tilbodet som er bygd opp.
- I framlegget til statsbudsjett for 2018 har regjeringa foreslått å fjerne eigedomsskatt på verk og bruk med verknad frå 2019, og med ein overgangsordning på fem år. Konsekvensen for Lindås kommune er at nær kr 160 mill av inntektene vil forsvinne. Dette vil få store følgjer for kommunen og vil mellom anna gjere etableringa av Alver kommune særleg utfordrande. Dersom forslaget får fleirtal i Stortinget, er det orientert om i formannskapet at rådmannen vil kome attende med ein revidert økonomiplan tidlig i 2018.

Med blikket mot Alver kommune

Det er fleire store oppgåver som ventar i komande

økonomiplanperiode. Fram til 2020 skal vi etablere Alver kommune, i tillegg til å drifte og avvikle Lindås kommune. Det blir ein stor endringsprosess som vil krevje mykje av organisasjonen. For Lindås kommune vil det vere særleg viktig å prioritere dei prosjekt og prosessar som legg grunnlaget for den nye kommunen. Dette gjeld mellom anna å ferdigstille planar som ligg i planstrategien, gjennomføre vedtatt investeringsprogram og førebu organisasjonen på overgang til Alver kommune.

For å førebu organisasjonen på endringsprosessen vil rådmannen leggje vekt på å utvikle organisasjonen i tråd med utviklingsprogrammet «Lindås 2019», med særleg fokus på endringsleining. I tillegg blir strategiske satsingar og tiltak i vedtekne planar fulgt opp. Dette vil igjen bli vurdert opp mot dei utviklingsprosessane som blir gjennomført i etableringa av Alver kommune.

Hausten 2017 vedtok kommunestyret kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen legg føringar for alle andre planar i kommunen og beskriv tydelig korleis kommunen skal utvikle seg som samfunn og organisasjon. I 2018 vil også arbeidet med kommuneplanen sin arealdel starte opp, i tillegg til mange andre sentrale planar. Samfunnsdelen og arealdelen utgjer kommuneplanen i Lindås, men vil også vere eit sentralt styringsverktøy for utvikling når Lindås blir ein del av Alver kommune frå 2020.

Prosessene med å etablere Alver kommune blir styrt gjennom fellesnemnda og det blir etablert eit utviklingsprogram som skal sikre at den nye kommunen er operativ frå 2020. Fellesnemnda vil i løpet av 2019 utarbeide ein økonomiplan for Alver kommune.

Opptakt til budsjettprosessen

Rådmannen gjorde greie for budsjettutfordringane i 2018 og i økonomiplanperioden på formannskapsmøta 22 og 23 mai, og økonomiplan for 2018 – 2021 var oppe til politisk handsaming 6. juni (FO) og 21. juni (kommunestyret). Det vidare arbeidet med dei vedtekne budsjetttrammene har vore gjort greie for i formannskapet 19. oktober og i eige budsjettseminar i formannskapet 9. november.

Informasjon om rådmannens budsjettforslag vart gjeve i HTV-møte 13. november 2017.

Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter (skjema 1A).

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på –

men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei økonomiske rammene for drifta av kommunen. Når det gjeld kolonne for budsjett 2017, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. august. 2. tertialrapport er per 14. nov ikkje vedtatt i kommunestyret.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	-396 793	-410 967	-427 775	-427 275	-427 275	-427 275
Ordinært rammetilskot	-414 694	-415 681	-412 804	-414 300	-413 641	-413 804
Eigedomsskatt	-163 448	-165 970	-167 470	-164 470	-162 470	-160 970
Andre generelle statstilskot	-29 872	-50 326	-43 953	-35 306	-36 398	-19 393
Konsesjonskraft, avgift	-134	-90	-90	-90	-90	-90
Frie disponible inntekter	-1 004 941	-1 043 034	-1 052 092	-1 041 441	-1 039 874	-1 021 532
Renteinntekter og utbytte	-21 358	-24 192	-27 684	-29 440	-34 512	-36 368
Renteutgifter	19 391	21 268	24 804	32 692	46 515	48 356
Avdragsinntekter (VA)	-3 228	-5 441	-10 138	-12 483	-15 235	-16 358
Avdrag på lån	35 725	45 761	58 086	66 370	73 328	72 793
Netto finansutgifter	30 530	37 396	45 068	57 139	70 096	68 423
Premieavvik pensjon	-6 956	10 595	-20 494	-10 451	-14 764	4 730
Bruk av premiefond	-10 269	-17 115	-19 397	-15 000	-10 000	-10 000
Avsett til disposisjonsfond	47 914	68 387	33 080	37 980	59 731	46 034
Bruk overskot tidlegare år	-19 636	-32 080				
Bruk av disposisjonsfond	-7 354	-13 012	-2 115	-22 609	-33 060	-47 824
Bruk av bundne fond						
Netto avsetningar	3 699	16 775	-8 926	-10 080	1 907	-7 060
Overført til investeringsrekneskap 1)	31 379	31 379	31 379	31 379	31 379	29 945
Til fordeling drift	-939 333	-957 484	-984 571	-963 003	-936 492	-930 224
Motpost avskrivningar	-41 226	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474
Sum til fordeling drift	-980 559	-1 002 958	-1 030 045	-1 008 477	-981 966	-975 698
Netto driftsutgifter tenestoområda	948 479	1 002 958	1 030 045	1 008 477	981 966	975 698
Meirforbruk/mindreforbruk	-32 080	0	0	0	0	0

Det er ein auke i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 på 0,8%. Auken i skatt og rammetilskot er på om lag 1,45% noko som er langt lågare enn deflatoren på 2,6% som det er lagt opp til i statsbudsjettet (landgjennomsnittet). Regjeringa forklarar dette med at det i 2017 vart ekstraordinært høge skatteinntekter, og at veksten i dei frie inntektene derfor må bereknast ut frå skatteprognosen i statsbudsjettet for 2017. Hovudårsaken til at Lindås kommune får lågare auke enn det som er kom-

pensert for gjennom statsbudsjettet (reell pris og lønnsauke), er at Lindås kommune har ein svakare skatteutvikling enn landsgjennomsnittet.

I statsbudsjettet er det gjort framlegg om å endre reglene for eigedomsskatt på verk og bruk. Der- som framlegget vert vedtatt, mister Lindås kommune om lag 160 mill. kr i inntekt frå 2024.

Netto driftsresultat:	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter	-1 340 604	-1 312 515	-1 323 348	-1 313 076	-1 311 509	-1 293 167
Netto driftsresultat	-91 235	-54 701	-55 868	-40 274	-51 574	-23 113
Netto driftsresultat i %	6,8 %	4,2 %	4,2 %	3,1 %	3,9 %	1,8 %
Korrigert netto driftsresultat						
Brutto driftsresultat	-87 071	-56 756	-72 674	-73 327	-104 188	-76 588
Avskrivninger	-41 226	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474
Netto renteutgift	1 031	1 768	4 044	12 007	24 610	26 006
Netto avdrag på lån	35 350	45 761	58 236	66 520	73 478	72 943
Netto driftsresultat:						
Netto driftsresultat	-91 916	-54 701	-55 868	-40 274	-51 574	-23 113
Premieavvik	12 710	2 115	22 609	33 060	47 824	43 094
Bruk av bundet fond	-7 587	-2 594	-6 990	-6 990	-6 990	-6 990
Bruk av disposisjonsfond	-10 740	-13 012	-2 115	-22 609	-33 060	-47 824
Bruk av tidlegare års overskot	-19 636	-32 080				
Avsetning til bundet fond	16 912	2 621	37	37	37	37
Korrigert netto driftsresultat	-100 257	-97 651	-42 327	-36 776	-43 763	-34 796
Korrigert netto driftsresultat	7,5 %	7,4 %	3,2 %	2,8 %	3,3 %	2,7 %

Lindås kommune har tidligere hatt som målsetnad å setje av 2% til disposisjonsfond, noko som gjev eit høgt netto driftsresultat. Det er svært viktig at Lindås kommune held fram med å ha målsetnad om høg avsetnad til disposisjonsfond og høgt netto driftsresultat. Det vert anbefalt at Norske kommunar har eit netto driftsresultat på over 1,75%, men grunna høg inntekt frå eigedomsskatt bør Lindås kommune ligge langt høgare enn dette. I 2017 var det i vedteken økonomiplan lagt opp til ein avsetnad til disposisjonsfond på 1,4% og eit

netto driftsresultat på 3,5%. I rammene for budsjettarbeidet for 2018 som vart vedteken i økonomiplan 2018 – 2021 i juni, vart det vedteken ein avsetnad til disposisjonsfond på 15,8 mill. For å kompensere for lågare inntekter frå skatt og ramme enn forventa, har rådmannen i sitt framlegg til budsjett 2018 foreslått å redusere avsetning til disposisjonsfond til 10,4 mill. Netto driftsresultat er i rådmannens framlegg 3,2% når ein korrigerer for premieavvik og bruk av fond.

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Innbyggertilsk. (likt beløp pr innb)	-355 944	-375 614	-374 230	-374 960	-375 399	-375 940
Utgiftsutjevning	-23 697	-8 013	-9 480	-9 499	-9 511	-9 525
Overgangsordn./INGAR (fra 2009)	888	-7 320	1 127			
Saker med særskilt fordeling	-2 477	-3 085	-2 952	-2 952	-2 952	-2 560
Regionsentertilskudd			-2 759	-2 770	-2 770	-2 770
Veksttilskudd	-1 226	-3 032	-391			
Skjønn, tap endr. Inntektssystem	-7 600		-1 110	-1 110		
Sum ramme utan inntektsutj.	-390 056	-397 064	-389 795	-391 291	-390 632	-390 795
Netto inntektsutjamning	-24 638	-18 617	-23 009	-23 009	-23 009	-23 009
Sum rammetilskot	-414 694	-415 681	-412 804	-414 300	-413 641	-413 804
Skatt på formue og inntekt	-396 793	-410 967	-427 775	-427 275	-427 275	-427 275
Sum skatt og ramme (avrunda)	-811 500	-826 600	-840 600	-841 600	-840 900	-841 100

Lindås kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2018 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og

regionaldepartementet sin dokumentasjon til statsbudsjettet ("grønt hefte"), justert for lokale skatteanslag.

Generelle statstilskot

Kommunen mottar følgjande generelle statstilskot:

Generelle statstilskot	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Introduksjonstilskot	-24 919	-44 920	-38 953	-30 306	-31 398	-14 393
Kompensasjonstilskot	-4 252	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Andre statlege overføringar	-701	-406	0	0	0	0
SUM	-29 872	-50 326	-43 953	-35 306	-36 398	-19 393

Det er under generelle statstilskot budsjettert med auka tal flyktningar, jf. Sak 30/16. I 2018 er det budsjettert med busetting av 17 nye flyktningar i samsvar med skriv frå IMDI. Dette er ein halvering av talet på busettingar som er vedteken i plan for busetting av flyktningar. Det er ikkje budsjettert med nye busettingar i 2019, 2020 og 2021, då det

er uvist kva behovet er for busetting av flyktningar i desse åra. Generelle statstilskot vil bli oppdatert i økonomiplan 2019 – 2022, basert på oppdaterte prognosar frå IMDI. Ein auke i generelle statstilskot vil gje ein tilsvarende auke i utgiftar knytt til busetting.

Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar i bank og mottek utbytte frå selskap. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINNTEKTER, UTBYTTE	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Interne overføringer	-3 187	-4 992	-7 219	-9 050	-12 902	-14 313
Renteinntekter bankinnskot/ plasseringar	-6 115	-5 900	-7 800	-7 890	-9 110	-9 555
Renteinntekter på utlån	-3 277	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Utbytte frå selskap	-8 779	-9 800	-9 165	-9 000	-9 000	-9 000
Sum renteinntekter, utbytte	-21 358	-24 192	-27 684	-29 440	-34 512	-36 368

Det er tatt høgde for at det skal plasserast 100 mill. kr i langsiktig plassering i 2018. Forventa avkastning på plasseringa er i 2018 lagt inn med 4%.

Interne overføringer

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierande. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift – og det vert tilsvarende budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt.

Utbytte frå BKK

Utbytte frå selskap (BKK) vil for Lindås kommune utgjere 9,1 mill. kr i 2018.

Rente- og avdragsutgifter

Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringar og formidlingslån	19 391	21 268	24 804	32 692	46 515	48 356

Rådmannen har i økonomiplanperioden lagt til grunn eit estimat frå Kommunalbanken basert på renteberekingar frå Norges Bank, SSB og marknadsrente. Følgjande gjennomsnittlege rentenivå er lagt til grunn i økonomiplanperioden:

- Budsjettåret 2018 1,45%
- Budsjettåret 2019 1,65 %
- Budsjettåret 2020 2,15 %
- Budsjettåret 2021 2,28 %

Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringar 1)	35 725	45 761	58 086	66 370	73 328	72 793
Interne overføringar	-3 228	-5 441	-10 138	-12 483	-15 235	-16 358
Sum avdragsutgifter	32 497	40 320	47 948	53 887	58 093	56 435

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2017 prisar)

Som følge av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2018-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2018-kroner. Når det gjeld renteutgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2018-prisar fordi det er lagt inn forventade rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn

rentenivået i 2018. VA vert belasta sin del av lånegjelda gjennom avskrivningar (inntekt inngår som del av motpost avskrivningar i skjema 1A). Det er forventa auka investeringar innan sektoren – auka refunderte kapitalkostnader/avdrag vert her teke inn gjennom å auka interne overføringar.

LÅNEGJELD	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	872 689	969 464	1 034 436	1 363 847	1 587 234	1 778 611
avdrag investeringar	-35 725	-45 761	-58 086	-68 361	-77 252	-78 853
Låneopptak*	132 500	110 733	387 497	291 748	268 629	49 000
Lånegjeld 31.12.	969 464	1 034 436	1 363 847	1 587 234	1 778 611	1 748 758
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	220 846	220 864	220 541	219 468	217 645	214 322

*Etter korleksjon rådmannen sitt framlegg 2. tertialrapport

Som ein illustrasjon på korleis lånegjelda veks – er det utarbeidd ein tabell som syner gjeld pr innbyggjar:

LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Innbyggjarar pr. 1.1.*	15 607	15 731	16 046	16 367	16 694	17 028
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	62 117	65 758	84 998	96 980	106 543	102 701

*Tal pr. 1.1.2017, auke med 2 % pr år

Disposisjonsfond

Status for disposisjonsfondet er som følger:

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1.	211 539	78 760	80 430	89 087
Avsett disposisjonsfond	10 471	4 920	11 907	2 940
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-3 250	-3 250	-3 250	-3 250
Finansiering av investeringer	-20 000			
Budsjettert langsiktig finansforvaltning inkludert fond for avkastningsbuffer	-120 000			
31.12	78 760	80 430	89 087	88 777

Rådmannen vurderer det som naudsynt at kommunen byggjer opp eit betydeleg disposisjonsfond. Dette for på kortare sikt å sikra kommunen mot svingingar i rentenivå, pensjonsutgifter og eventuelle endringar i reglementet for eigedoms-

skatt. I økonomiplanperioden bør dette liggja på 60-80 mill. kr. Overskot utover dette bør nyttast til å driftsfinansiera investeringar, eller plasserast langsiktig.

DISPOSISJONSFOND - Fond for å handtere svingningar i avkastning, langsiktig plassering	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1.		20 000	20 000	20 000
Overført frå disposisjonsfond	20 000			
31.12	20 000	20 000	20 000	20 000

Det vert i 2018 plassert 100 mill. kr i samsvar med finansreglement for Lindås kommune, kapittel om langsiktig finansforvaltning. Vedtak om langsiktig plassering er fatta i sak 62/17. Fondet et oppretta for å kunne handtere svingingar i forventa avkast-

ning, utan at det skal gå ut over drifta dei åra avkastninga vert lågare enn forventa. Tilsvarande skal det settast av til fond dersom avkastninga på dei langsiktige plasseringane er høgare enn budsjettert.

DISPOSISJONSFOND - PREMIEAVVIK	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1.	2 115	22 609	33 060	47 824
Bruk - amortisering av premieavviket	-2 115	-22 609	-33 060	-47 824
Premieavvik inneverande år	22 609	33 060	47 824	43 094
31.12	22 609	33 060	47 824	43 094

På disposisjonsfond premieavvik er det i 2017 sett av midlar til å dekkje amortiseringa av premieavviket i 2018. I tillegg er det i 2018 sett av midlar til-

svarande premieavviket som vert inntektsført i 2018 slik at det er avsett midlar til å dekkje amortiseringa i 2019.

DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1.	4 040	4 040	4 040	4 040
Overført frå disposisjonsfond				
Bruk infrastrukturfond				
31.12	4 040	4 040	4 040	4 040

Det vart i 2015 oppretta eit infrastrukturfond. Dette for å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbygging. Saldo på fondet per 01.01.2018 er 4 mill. kr og det er ikkje

per i dag planlagt konkrete tiltak knytt til dei avsette midlane. Eigne retningsliner for fondet vedtatt i økonomiplanen 2015 – 2018.

DISPOSISJONSFOND - TRAFIKKSIKRINGSFOND	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1. Bruk av trafikkisikringsfond	4 723	4 723	4 723	4 723
31.12	4 723	4 723	4 723	4 723

Saldo på fondet per 01.01.2018 er 4,7 mill kr. Det er gjort vedtak på tiltak på til saman 4,8 mill. kr til regionale tiltak, og dette er forankra i tidligare vedtak (kommunestyresak frå 15.03.2012).

DISPOSISJONSFOND - NÆRMILJØ OG FRILUFTSANLEGG	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1.1. Overført frå disposisjonsfond Bruk fond nærmiljø og friluftsanlegg	2 000	2 000	2 000	2 000
31.12	2 000	2 000	2 000	2 000

Fondet er oppretta basert på vedteken idrettsplan. Vedtekter for fondet blei vedtatt i kommunestyret 21.06.17 (Sak 60/17)

Næringsfond	
Fond pr. 1.1.2018	1 367
Vedtak til utbetaling i perioden 18 - 21	-1 109
Budsjettert fond pr 31.12.21	258

Saldo på næringsfondet er per 01.01.2018 1,4 mill. kr. Det er fatta vedtak til utbetaling frå næringsfondet i perioden 2018 – 2021 på kr 1,1 mill kr. Dette inneber at ubunde midler i perioden er 0,3 mill. kr.

Økonomiplan for tenesteområda

Skjema 1B, netto driftsutgifter

Rådmannen gjer framlegg om følgjande netto driftsrammer for dei 6 tenesteområda (skjema 1B):

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
1 Politisk styring	22 021	23 746	23 550	24 182	23 550	24 182
2 Administrativ styring, støttefunksj.	54 779	61 684	72 572	61 572	60 072	50 472
3 Oppvekst	377 604	406 518	411 909	411 009	409 409	409 409
4 Pleie og omsorg	260 198	258 596	265 466	256 566	249 466	249 466
5 Helse og sosial	84 389	95 218	98 578	99 178	83 199	83 199
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	149 488	157 196	157 970	155 970	156 270	158 970
Sum tenesteområda	948 479	1 002 958	1 030 045	1 008 477	981 966	975 698

Når det gjeld kolonne for budsjett 2017, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30.august og har med endringane etter 2. tertialrapport.

Innsparingstiltaka som vart lagt inn i førre økonomiplanperiode er revidert med omsyn til framdrift og omfang, og rådmannen har lagt til grunn innsparingstiltaka som vart vedtatt i økonomiplanen for 2018 – 2021 i juni 2017.

Innsparingstiltak 2018 - 2021

	Nye tiltak i 2018	Total årseffekt	Nye tiltak i 2019	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2020	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2021	Total akkumulert årseffekt
Grunnbemanning:		-		-		-		-
Uspesifisert innsparing alle områder	-		10,0	10,0	-		9,6	19,6
Oppvekst	2,7	1,9	1,9	3,8	1,9	5,8		5,8
Sjukaheimar	1,0	1,0		1,0		1,0		1,0
Heimetjenester	1,5	1,5	0,5	2,0		2,0		2,0
Eining for funksjonshemma	1,6	2,6	1,5	4,1	1,5	5,6		5,6
Uspesifisert innsparing PLO	-		7,4	7,4	6,0	13,4		13,4
Sentralkjøkken	0,3	0,3		0,3		0,3		0,3
Helse og sosial	1,5	1,5	0,5	2,0	0,5	2,5		2,5
Teknisk sektor	3,0	3,0	2,0	5,0	2,0	7,0		7,0
Prosjekt på tvers av tenesteområder:								
Merkantilprosjekt	1,7	1,7		1,7		1,7		1,7
Administrasjon - hele organisasjonen			1,0	1,0	1,5	2,5		2,5
Barnevern - tiltak	1,0	1,0		1,0		1,0		1,0
	14,3	14,5	24,8	39,3	13,4	42,8	9,6	62,4

Tala er oppgitt i NOK mill

På grunn av den aukande belastninga av renter og avdrag og den låge veksten i dei frie inntektene gjorde rådmannen framlegg om auka innsparingar i drifta i åra 2018 – 2021 i økonomiplanen som vart lagt fram våren 2017. Sjølv med forventingar om

låg auke i frie inntekter for 2018, ser rådmannen at det må setjast i verk ytterligere tiltak i 2019 – 2021. Rådmannen vil innarbeide konkrete tiltak i sitt framlegg til økonomiplan 2019 – 2022 som vert lagt fram våren 2018.

Strategiske satsingsområder

Dei budsjetterte innsparingsprosjekta skal i tillegg til å sikre ein berekraftig økonomisk utvikling, bidra til å skape det naudsynte handlingsrommet for å skape ønska utvikling i Lindås kommune. Dei prioriterte satsingsområda er i all hovudsak for-

ankra i vedtekne planar eller planar som vert å leggje fram for kommunestyret. Tiltaka blir også omtalt under beskrivinga av dei ulike tenesteområda i de påfølgjande sidene, men er i hovudsak:

Tiltak/ prosjektportefølge i økonomiplanperioden	Effekt i 2018	Effekt i 2019	Effekt i 2020	Effekt i 2021
Husleige helsehus			2,0	2,7
Branninspektør 50%	0,1			
BSHP - kartlegging av behov				
Omsorgsbustadpluss for eldre			0,3	
Legeheimel 60% + 50% helsesekretær			0,7	
KP: Kapasitet til miljøtiltak i skule	0,6	0,6	-	-
KP: Program for reduksjon av mobbing/krenking	0,1	0,1	-	-
KP: Styrke helsesøsterfunksjonen i barnehage og skule	0,6			
KP: Etablere standard for styrkingsressurs barnehage	0,3	0,3	0,3	
FP: Auka busetting flyktninger og bufellesskap				
HSOP: Terskelfri samtale med psykolog eller psykiatrisk sjukepleiar		0,3		
HSOP: Ergoterapeut		0,5		
HSOP: Fysioterapeut		0,3		
HSOP: Koordinator for frivilligarbeide		0,2	0,4	
HSOP: Delta i samarbeid "kunnskapskommune Helse omsorg vest	0,0			
HSOP: Etablere demensteam		0,3		
Sum	1,7	2,6	3,6	2,7

Beskriving:

- Satsingane er i tråd med vedtekne planar
- Aktuelle planar er
 - KP = Kommunedelplan oppvekst
 - IP = kommunedelplan idrett, friluftsliv og nærmiljø

FP = Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune
 HSOP = Kommunedelplan helse, sosial og omsorgsplan.

Politisk styring

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

1 POLITISK STYRING	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Politisk styring	22 021	23 746	23 550	24 182	23 550	24 182
Endring i % frå budsjett 2017			-0,8 %			

Endringa i nettoramme frå 2017 til 2018 er spesielt knytt til følgjande:

- Val i 2017 og ikkje i 2018
- Tilskot kyrkjeleg fellesråd er prisjustert med kostnadsdeflator i statsbudsjettet som er 2,6%. Det er lagt inn ein forventa innsparing hos Kyrkjeleg fellesråd på lik linje som innsparinga på drifta i Lindås kommune. I tillegg er det lagt inn ein auke i tilskot knytt til lønn og rekneskapstener på 0,17 mill. kr . Dette gjev tilskot på 11,3 mill. kr i 2018, ein auke med 0,3 mill. kr frå 2017. Det er i tillegg lagt inn 2,4 mill kr til å dekkje renter/ avdrag for kyrkja i 2018.
- Det er i 2018 ikkje lagt inn at Lindås kommune skal motta momsrefusjon for kyrkjeleg fellesråd sine investeringar.

Godtgjersle til ordføraren og varaordføraren

I følgje vedteken styringsstruktur og reglement skal ordføraren sin godtgjersle vera ein faktor av godtgjersla til stortingsrepresentantane = 1,21.

varaordføraren får 40 % av godtgjersla til ordførar. Per 01.06.2017 er stortingsrepresentant lønn satt til 928 602 kr. Godtgjersle til ordførar blir med dette 1 114 322 kr og 445 729 kr til varaordførar i 2018, med regulering frå 01.05.2018.

Kontrollutvalet

Det er i budsjettet lagt inn 950 000 kr til kontrollutvalet i 2018, ei vidareføring av ramma som vart sett i 2017.

Administrativ styring, andre støttefunksjonar

Området administrativ styring og andre støttefunksjonar omfattar rådmannen og hans leiargruppe, rådgjevarar på økonomi, innkjøp, IKT og

prosjekt, i tillegg til stabsavdelingane som personal, rekneskap og lønn, post, dokumentcenter og kundesenter.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rådmann inkl stab	53 028	59 446	70 305	59 305	57 805	48 205
Nhl. Kemnerkontor	1 751	2 238	2 267	2 267	2 267	2 267
Sum tenesteområdet	54 779	61 684	72 572	61 572	60 072	50 472
Endring i % frå budsjett 2017			17,7 %			

Det er i budsjettet for 2018 avsett 13,4 mill. kr til lønsauke inkludert sosiale kostnader for heile organisasjonen. Det er lagt til grunn ein lønsauke som i statsbudsjettet (3 %) frå 2017 til 2018.

I 2018 er det lagt inn innsparingsmål på 1,7 mill. kr på merkantilprosjektet. Dette er prosjekt som skal gå på tvers av tenesteområda, men innsparinga er budsjettert under rådmannen inntil vidare.

Oppvekst

Område oppvekst femner om fagområda barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, jordmor-, helsestasjons- og skulehelsetenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), ungdomskontakten Salto, læringscenter og barnevern.

Organiseringa skal støtte opp om målsetjingane for sektoren; «Trygge barn i Lindås», «Tidleg innsats» samt medverke til auka tverrfagleg samarbeid.

Kvalitetsplan for oppvekst dannar utgangspunkt for verksemdsplanar på einings- og avdelingsnivå. Målsetjingane i kvalitetsplanen skal vere rettesnora for alle som arbeider med barn og unge i kommunen. Planen byggjer på regjeringa sine mål og prinsipp for barne- og ungdomspolitikken:

- Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø
- Like rettar og moglegheiter
- Deltaking og medverknad
- Gode tilbod og tenester til alle

Handlingsplan 2017-2020 skisserer prioriterte satsingsområde i kvalitetsplanen. I økonomiplanen er følgjande nye tiltak lagt inn frå 2017, og med vidareføring av tiltaka i neste økonomiplanperiode:

- Miljøtiltak skule
- Ungdomskoordinator
- Betre læringsmiljø – reduksjon mobbing
- Auka ressurs helsesøster barnehage/skule
- Auka ressurs PPT

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

3 OPPVEKST	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Stab oppvekst	118 042	126 068	127 639	128 639	128 939	128 939
PPT	6 057	7 741	8 350	8 350	8 350	8 350
Kommunale barnehagar	25 445	27 211	28 143	28 143	28 143	28 143
Helsestasjonar	7 229	7 533	9 255	9 255	9 255	9 255
Barnevern	33 623	55 054	49 379	49 379	49 379	49 379
Grunnskule	187 208	182 911	189 143	187 243	185 343	185 343
Sum tenesteområdet	377 604	406 518	411 909	411 009	409 409	409 409
Endring i % frå budsjett 2017			1,3 %			

Hovudendringane i tillegg til lønnsauke frå budsjett 2017 til 2018 er:

Det er lagt inn ein auke på eit årsverk knytt til miljøtiltak i skule under stab oppvekst, i samsvar med kvalitetsplanen for oppvekst.

Styrking av helsesøsterfunksjon i barnehage og skule i samsvar med kvalitetsplanen for oppvekst

- Styrkingsressurs barnehage

Barnehagefeltet har fått stor merksemd dei siste par år, med innføring av gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling, samt ny rammeplan for innhaldet i barnehagen. Nytt frå 2017 er at Departementet har Forskrift om pedagogisk bemanning ute på høyring, knytt til både pedagogisk leiar og grunnbemanning. Kommunen skal gje tilskot til pedagogisk bemanning til dei private barnehagane, i samsvar med desse endringane, gjeldande frå haust 2017.

Nokre utviklingsprosjekt i sektoren:

- Handbok minoritetsspråklege i barnehagen
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) – Implementere modell for å oppdage og følgje opp utsette barn og unge med familie
- Tidleg inn – Metode for å fanga opp vanske knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjonar
- Styrking av ordinær opplæring – metode for auka læring og meistring, samt reduksjon spesialundervisning
- Etablere møteplassar for medverknad og felles dialog ungdommar, tilsette, føresette

Det har vore arrangert Oppvekstforum rundt temaet Mobbing og Temasamlingar om «Å høyre til i fellesskapet». Kommunen har også inngått avtale med MOT i høve til Kommunen som samfunnsbyggjar.

tatt i stortinget gjev busettingskommunane tilskot per busett ungdom, og tilskotet halverast når ungdommane fyller 16 år. For å tilpasse drift av tenesta til at det ikkje vert busett fleire enn maks tre nye ungdommar i 2018 og til at tilskotet Lindås kommune mottek i 2018 vert markant lågare, gjer rådmannen framlegg om endra organisering av tenesta. Rådmannen har starta ein prosess for å tilpasse drifta av tenesta til inntektene.

Det er lagt inn bemanning i dei kommunale barnehagene i samsvar med forskrift om Pedagogisk bemanning som er på høyring.

I budsjett for 2018 er det lagt inn innsparing på 3 årsverk innan skule i samsvar med vedteken økonomiplan for 2018 - 2021. I 2019 er det lagt inn ein ytterligere innsparing på 5 årsverk innan skule. Under barnevern er det lagt inn lågare ramme på plasseringar i samsvar med økonomiplanen. Dette samsvarer med dei faktiske utgiftene til plasseringar i 2017, da talet plasserte born har gått ned.

Barnehagar

Det er 3 kommunale og 11 private og 2 familiebarnehagar i Lindås kommune. Alle barn i Lindås med *rett til plass* har fått tilbod om barnehageplass.

Lindås kommune har følgjande tre kommunale barnehagar:

Kommunale barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.9.2017			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Haugen	16	26	58	10,0	4,0	5,8
Kolås	20	30	70	12,0	4,0	5,8
Juvikstølen	40	76	156	26,6	9,0	5,9
Sum	76	132	284	48,6	17,0	5,8

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Utan einingsleiar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

I Lindås kommune er det 13 private barnehagar. Dette er følgjande barnehagar:

Private barnehagar	Antal heiltidsplassar 15.12.2016			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Alversund montessorri	20	31	71	12,3	4,0	5,8
Hundvin naturbarnehage	9	22	40	6,6	3,0	6,1
Kløvheim barnehage	11	19	41	6,6	3,0	6,2
Knarvik barnehage	45	69	158	29,3	13,9	5,4
Leknes barnehage	29	46	104	17,0	8,4	6,1
Natås barnehage	7	23	37	6,8	3,0	5,4
Nordhordland barnehage	6	14	27	5,7	2,0	4,8
Ostereidet barnehage	27	33	86	12,2	5,0	7,0
Seim barnehage	29	52	109	17,4	7,1	6,3
Solhaugen barnehage	27	50	104	17,4	6,8	6,0
Trollskogen barnehage	34	56	124	22,1	7,6	5,6
Smilehullet familiebarnehage	5	4	15	2,3	0,5	6,3
Wilhaven familiebarnehage	1	9	11	2,5	0,3	4,3
Sum	249	427	926	158,2	64,6	5,9

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Tala inkluderer styrar sin administrasjonsressurs, eksklusiv spes ped tiltak

Tala i tabellen byggjer på teljing pr 15.12.2016. Det er også born som bur i Lindås kommune som nyttar plass i andre kommunar, til dømes i Austrheim, Meland og Bergen.

Kommunen skal gje tilskot til pedagogisk bemanning til private ordinære barnehagar per heiltidsplass etter følgjande tabell:

Tilskot til pedagogisk bemanning	Sats 2017	Sats 2018	Endring i %
Små born	2 158	2 214	3 %
Store born	1 199	1 230	3 %

Det kommunalt utrekna driftstilskotet per plass i private barnehagar er følgjer:

Driftstilskot	Sats 2017	Sats 2018	Endring i %
Små born	181 902	190 213	5 %
Store born	86 335	90 069	4 %

Lindås vaksenopplæring

Lindås vaksenopplæring gjev norskopplæring for vaksne innvandrarar og flyktningar i Lindås, i tillegg til grunnskuleopplæring for vaksne. Lindås kommune tek også i mot elevar frå andre kommunar.

Læringssenteret

Læringssenteret er organisert under Knarvik barneskule og gir særskild tilrettelagd opplæring/spesialundervisning for born og vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik.

PPT

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT) har som oppgåve å utarbeide sakkunnig vurdering etter motteke melding for førskulebarn, grunnskuleelevar og vaksne. PPT skal og arbeide med systemtiltak. Rettleiing til føresette, barnehage og skule er ein del av dette arbeidet. PPT har også ansvaret for implementering av programmet De utrolige årene i barnehagar og skular.

Helsestasjon for born og unge

Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsesøster er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca. 1000 elevar.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

Ungdomskontakten Salto

Ungdomskontakten Salto er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande lågterskel tilbod for ungdom mellom 13 og 20 år lokalisert til Knarvik senter. Tiltaket er interkommunalt og er finansiert av Nordhordlandskommunane og Knarvik senter. Salto tilbyr kommunane gruppetilbod knytt til bruk av verktøyet Art.

Barnevern

Føremålet med tenesta er definert i barnevernlova §1-1. Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette ved å gje råd og rettleiing, treffe vedtak, førebu saker til fylkesnemnd/rett og setje i verk og følgje opp tiltak. Dette inneber tilsyn med organisering, styring og kvalitet i undersøkingar og val av tiltak.

Barneverntenesta er styrt av hendingar og har opplevd ei stor auke i arbeidsoppgåver, klientomfang og krav til kompetanse dei siste åra.

Barnevernstenesta er delt opp i hjelpetiltak, omsorgstiltak, familierettleiing, ettervern og bukollektiv for einslege mindreårige flyktningar.

Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet).

Frå 2017 har ein arbeidd med prosjektet STYRK, styrking av den ordinære opplæringa både med omsyn til språk, lesing og tidleg innsats frå barnehage til skule.

Det har også vore jobba mykje med verksemdsplanar både for einingane og avdelingane, som byggjer på satsingar i samfunnsplan og kvalitetsplan for oppvekst.

Ungdomstrinn i utvikling- ein meir praktisk, variert og meir relevant undervisning som er eit statleg satsingsområde som ein no er i slutfasen av. Satsinga har hatt tre sentrale verkemiddel: skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular med ungdomstrinn får tilbod om å delta. Skulane har også innført arbeidslivsfag og valfag på alle trinn.

Skulefritidstilbod

Skulefritidsordninga skal gje elevane på 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn.

Bruk av andre opplæringsarenaer

All undervisning skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten (Opplæringslova § 1-2 Formålet med opplæringa). Tilpassa opplæring kan også gjevast utanfor skulen sitt område i deler av undervisningstida. Opplæring på andre arenaer enn skulen vert ofte omtala som "smågruppetiltak". Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

Kommunen har for tida elevar plassert ut på Seim gard (alternativ skuledag med fokus på stell av dyr, jordbruk og naturbruk), Ypsøy gard og TAM-prosjektet (alternativ skuledag med fokus på fiske og friluftsliv). I tillegg kjem Læringscenteret, som i praksis fungerer som ein «alternativ skuledag» for elevar som har dette tilbodet.

Oversyn over dei kommunale skulane i Lindås kommune:

Barneskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Alversund	359	29,1	12,3
Knarvik	226	19	11,9
Lindås	219	20,1	10,9
Ostereidet	123	10,6	11,6
Leiknes	167	12,3	13,6
Eikanger	74	6,6	11,2
Kløvheim	36	4,1	8,8
Myking	53	5,8	9,1
Seim	146	10,1	14,5
Sum	1 403	117,7	11,9

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 11,9 elevar per årsverk lærar i dei kommunale barneskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2016/2017 var 11,1.

Ungdomsskular	Elevar	Årsverk 1)	Elevar/ årsverk
Knarvik	336	30,6	11,0
Lindås	113	12,1	9,3
Ostereidet	86	10,2	8,4
Sum	535	52,9	10,1

1) Lærarårsverk, utan assistentar, rektorressurs og merkantilt tilsette

Det er i snitt 10,1 elevar per årsverk lærar i dei kommunale ungdomskulane dette skuleåret. Tilsvarande tal for 2016/2017 var 10,7.

Pleie og omsorg

Tenesteområdet omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, bufelleskap, dagtilbod, avlastning og støttekontaktar.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

4 PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Stab pleie og omsorg	4 830	3 098	5 817	-1 383	-6 983	-6 983
Forvaltningskontoret	8 189	8 266	8 481	8 481	8 481	8 481
Sjukeheimstenester	77 219	75 547	76 369	76 369	76 369	76 369
Heimetenester	97 443	99 926	102 906	102 706	102 706	102 706
Tenester for funksjonshemma	72 517	71 759	71 893	70 393	68 893	68 893
Sum tenesteområdet	260 198	258 596	265 466	256 566	249 466	249 466
Endring i % frå budsjett 2017			2,7 %			

Endringane under tenesteområde pleie og omsorg, sett bort frå lønnsauke er:

Innsparingstiltaka som vart budsjettert under stab pleie og omsorg i 2017 er i 2018 flytta ut på einingane i samsvar med vedtekne rammer i økonomiplan 2018 – 2021. Dei budsjetterte innsparingane er 1 mill. kr under sjukeheim, 1,5 mill. kr under heimetenesta og 1,6 mill. kr under eining for funksjonshemma. Tiltaka som vert sett i verk er reduksjon av 2 sjukeheims plassar, reduksjon av vedtak i heimetenesta som følgje av velferdsteknologiske løysingar, logistikk i kjøreruter og mogleg flytting av personalbase. Betre samansetjing av brukargrupper i bufelleskap og auka gruppeaktivitetar i dagtilbodet. I 2018 er det lagt inn ein auke i kommunal eigenandel på 1,5 mill. kr knytt til refusjon ressurskrevjande brukarar, jamfør endringar i statsbudsjettet.

I økonomiplanperioden er det lagt inn 0,5 mill. kr i innsparing under heimetenesta i 2019, og 1,5 mill. kr i 2019 og 2020 under eining for funksjonshemma. I tillegg er det lagt inn uspesifisert innsparing under tenesteområdet på 7,4 mill. kr i 2019 og 6 mill. kr i 2020.

Den prioriterte auken på tenesteområdet er kjøp av teknologisk utstyr og oppretting av alarmsentral. Styrking og koordinering av omsorgsteknologi er for 2018 budsjettert som ein del av tenestetilbodet og er ikkje lengre eit eige prosjekt.

Lindås kommune skal ha ei helse-, sosial- og omsorgsteneste som legg til rette for aktiv deltaking frå innbyggjarane og gje heilskapelege tenester av god fagleg kvalitet. Velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og lokalt responscenter (alarmsentral) er viktige verkemiddel for å lykkast med dette.

Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering er implementert i ordinær drift, medan responscenteret er eit prosjekt.

Forvaltningskontor

Forvaltningskontoret fattar vedtak etter Lov om helse og omsorgstenester. Tenestene vert utførte og budsjettert i andre einingar.

I tillegg til løn til dei tilsette ved kontoret, omfattar utgiftene også utgifter til omsorgsløn.

Sjukeheimar

Eininga omfattar følgjande tenester: Korttids plassar, avlastning, langtids plassar, produksjonskjøkken, senior- og aktivitetstilbod.

Sjukeheimstenesta er organisert i 5 avdelingar. Det er etter rådmannen sitt framlegg 94 heildøgns plassar ved Knarvik sjukeheim og Lindås bu- og servicesenter. Sentralkjøkkenet leverer mat til kommunale sjukeheimar, heimebuande sjuke og uføre, seniorsentra, kantiner, dagsenter, sengepost ved Nordhordland legevakt og mat til møter og kurs.

Eininga skal gje ei god kvalitetssikra teneste gjennom involvering tilpassa den einskilde brukar sine behov.

Heimetenesta

Eining for heimetenesta gjev tilbod til heimebuande personar. Hjelpetilbodet er individuelt tilpassa, og kan variere frå ein time i veka til 24 timar i døgeret.

Heimetenesta omfattar følgjande tenester: heimesjukepleie, heimehjelp, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), velferdssteknologi, kvardagsrehabilitering, kreftkoordinator, middagslevering, dagtilbod, avanserte 24-timarstilbod i brukarane sine heimar, avlastning i heimen og opplæring og rettleiing til pårørande med særleg tyngande omsorgsoppgåver.

Heimetenesta er organisert i 6 avdelingar som har ansvar for kvar sine geografiske område, dagtilbodet og 34 omsorgsbustader pluss/ bustader med heildøgns bemanning.

Tenester for funksjonshemma

Eining for funksjonshemma gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne og omfattar følgjande tenester: støttekontakt til alle aktuelle brukargrupper, aktivitetsbasert avlastning, avlastningsbustad, privat avlastning, heildøgnstenester i omsorgsbustad pluss/bufellesskap og dagtilbod.

Det er 6 omsorgsbustad pluss/bufellesskap (45 plassar) og 1 avlastningsbustad. Eininga er organisert i 4 avdelingar. Tenestene vert individuelt utforma ut frå behov for hjelp, rettleiing, omsorg og helsehjelp.

Eininga har som mål at brukarane skal oppleve god livskvalitet og høg grad av brukarmedverknad. For avlastingstilboda er målet at brukaren skal ha gode opplevingar og kjenne seg trygg, og at foreldre/føresette skal oppleve reell avlastning frå tyngjande omsorgsoppgåver.

Helse og sosial

Tenesteområdet består av eining for helsetenester, legevakt og eining for sosiale tenester.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

5 HELSE OG SOSIAL	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Helsetenester	37 770	41 795	45 030	45 880	46 330	46 330
Nordhordland legevakt	10 162	11 401	11 218	11 218	11 218	11 218
Sosiale tenester	36 457	42 022	42 330	42 080	25 651	25 651
Sum tenesteområdet	84 389	95 218	98 578	99 178	83 199	83 199
Endring i % frå budsjett 2017			3,5 %			

Endringane under tenesteområde helse og sosial, sett bort frå lønnsauke er:

Auke i ressurskrevjande brukarar innan psykisk helse i samsvar med rammene vedteken i økonomiplan 2018 – 2021.

Reduksjon i utgifter knytt til busetting av flyktningar sett opp mot vedteken økonomiplan. Reduksjon i utgiftene må sjåast opp mot reduksjon i budsjetterte inntekter (generelle statstilskot).

I den vedtekne planen for busetting av flyktningar var det lagt opp til styrking av sakshandsamar kapasitet og auke i tal plasser i kvalifiseringsprogrammet. Auken var basert på busetting av tal

flyktningar i samsvar med plan for busetting av flyktningar. I 2018 vert det i busett under halvparten av det planlagte tal flyktningar, og rådmannen gjer derfor framlegg om å redusere ramma med om lag 0,6 mill slik at utgiftene samsvarer med inntektene.

Det er lagt inn innsparing på 1 mill under helsetenester og 0,5 mill under NAV i samsvar med vedteken økonomiplan. I økonomiplanperioden er det lagt inn uspesifisert innsparing for tenesteområdet på 0,5 mill kr per år.

Helsetenesta

Eininga omfattar følgjande tenester: helsesøster- og jordmor, kommunepsykolog, fysio- og ergoterapi, hjelpemiddellager, legeteneste og psykisk helse og rus. Det kan vera hensiktsmessig å skilja mellom førebyggjande og behandlande tenester.

Førebyggjande tenester

Skule- og helsestasjonstenesta er ein del av eining for helsetenester og ligg under tenesteområde Oppvekst der det vert nærare omtala .

Behandlande og rehabiliterande tenester

Fysio- og ergoterapiteneste er behandling, kvardagsrehabilitering og opptrening, samt tilrettelegging av bustader til alle aldersgrupper. Fysioterapitenesta vert dels ytt med egne tilsette, dels av private med eller utan driftsavtale.

Psykisk helse og rus

Avdelinga gir tenester til menneske som har psykiske vanskar og/eller rusproblem og omfattar

følgjande: Støttesamtalar, bustadoppfølging, medisinoppfølging, gruppeaktivitet for ungdom, lågterskel psykologtilbod til vaksne, fritidstilbod ettermiddag og helg (Fritidskalenderen) og rådgjeving internt og eksternt til samarbeidande partar.

Det er 2 omsorgsbustad pluss /bufellesskap (12 plassar)med døgnbemanning. 3 dagsenter, der 2 er lågterskeltilbod (utan vedtak)og 1 arbeids- og aktivitetssenter.

Nordhordland legevakt:

Er eit akutt legetilbod for alle innbyggjarane i Nordhordland, Gulen og Osterøy som utgjer legevaktsentral, legevakt og ØHD-senger (døgnopp-hald for personar med akutt behov for hjelp.) Lindås kommune er vertskommune og ni kommunar deltar i samarbeidet.

NAV

Eining for sosiale tenester omfattar økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, kvalifiseringsord-

ninga, rusvern, midlertidig bustad, gjeldsråd-
gjeving og busetting av flyktningar.

Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og
aktivitet og færre på stønad. Dette skal ein oppnå

gjennom å yte tenester som er enklare for bruka-
rane og som er tilpassa deira behov. NAV Lindås
legg vekt på å ha ei heilskapleg og effektiv arbeids-
og velferdsforvaltning.

Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Sektoren samfunnsutvikling og kommunalteknikk femner om fagområda brann, eigedom, teknisk drift, kultur, plan, byggesak, geodata, landbruk og næring. Fellesnemnaren for desse fagområda er samfunnsutvikling, planlegging, investering, teknisk forvaltning og drift/vedlikehald av bygg, anlegg og vegar.

Organiseringa av sektoren blei endra i 2016 og målet med ei slik organisering er at kommunen og fagområda skal jobbe etter følgjande målsetting:

- Heilskapleg samfunnsutvikling
- Brukarorientert forvaltning
- Effektiv drift

For å nå desse måla er det viktig at sektoren jobbar koordinert og tverrfaglig. Dette blir mellom anna sikra gjennom ulike interne arenaer som er etablert. Rådmannen sitt strategikutval og ein tverrfaglig forvaltningsarena er sentrale møteplassar for å utvikle sektoren. Tverrfaglig forvaltningsarena har som føremål å ta opp ulike saker der fleire fagom-

råder er involvert. Utgangspunktet er å fokusere på kunden sitt behov og finne ut korleis og kven som kan løyse saka. I utviklingsarbeidet til byggesak har ein også etablert ei utviklingsgruppe med eksterne næringsaktørar, som gir innspel til konkrete utviklingstiltak.

Sektoren følgjer opp dei store planleggings- og utviklingsoppgåvene i kommunen. Det gjeld mellom anna:

- Oppfølging av vedtatt planstrategi, med særleg vekt på overordna arealplanar.
- Ansvar for kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Oppfølging av vedtatt investeringsbudsjett og gjennomføring av utbyggingar innan eigedom, veg, vatn og avløp.
- Oppfølging av strategiske utviklingsprosjekt på Mongstad og i Knarvik.
- Kommunal beredskapsplanlegging, folkehelse og førebygging.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

6 SAMFUNNSUTVIKLING OG KOMMUNALTEKNIKK	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk	2 007	1 528	-1 044	-944	-2 944	-2 944
Planavdeling	4 734	4 914	5 267	5 267	5 267	5 267
Arealforvaltning	4 949	6 645	6 634	6 634	6 634	6 634
Næring	1 739	993	993	993	993	993
Teknisk drift	21 905	22 973	21 997	21 997	21 997	21 997
Eigedom	85 042	87 503	90 856	88 756	91 056	93 756
Brann	14 108	15 164	15 599	15 599	15 599	15 599
Kultur og aktiviteter	15 006	17 476	17 668	17 668	17 668	17 668
Sum tenesteområdet	149 488	157 196	157 970	155 970	156 270	158 970
Endring i % frå budsjett 2017			0,5 %			

Endringane under tenesteområde, sett bort frå lønnsauke er:

Det er lagt inn 3 mill. kr i innsparing i 2018 i samsvar med vedtatt økonomiplan. Dette er fordelt med 0,65 mill. kr under planavdelinga som følgje av lågare ramme til bruk av eksterne konsulentar og høgare gebyrinntekter. Det er redusert ei stilling under arealforvaltning, samt auke i gebyrinntekter, som til saman utgjer 0,8 mill. kr. Teknisk drift er redusert med om lag 1 mill. kr som følgje av at ei stilling er overført investeringsprosjekt (og dermed reduserer innleigd prosjektleiing). Det er lagt inn reduksjon under kultur på 0,4 mill. kr knytt til tal stillingar på fritidsklubbar. Dette er ikkje ein reduksjon i forhold til dagens drift, men ein reduk-

sjon av budsjetttramma tilpassa reell drift dei siste åra. På eigedomsavdelinga er det lagt inn en reduksjon i 50% merkantil stilling, samt 0,2 mill. kr i vedlikehaldsmidlar til utstyr.

I økonomiplanperioden er det lagt inn ein reduksjon i ramma på 2 mill. kr i 2019 og 2 mill. kr i 2020 i samsvar med vedteken økonomiplan.

Næring

Næringsssjef si rolle er å ha tett dialog med næringslivet og vere aktivt med i ulike utviklingsprosjessar i heile kommunen. Næringsssjef administrerer også kommunen sitt næringsfond.

Kultur og aktivitetar

Kultureininga organiserer kulturskulen, bibliotek, frivillighetsentral og fritidsklubbar. I 2017 blei ungdomskordinator ein del av eininga. Kultur jobbar målretta etter gjeldande kulturplan og innafor eit bredt fagfelt, sentrale satsingsområder er:

- Frivillig sektor
- Fritidstilbod til barn og unge
- Kunst og kulturformidling
- Idrett og friluftsliv
- Kulturvern og museum
- Kultur og næring

Plan og arealforvaltning

Planavdelinga er ei stabsavdeling som i hovudsak jobbar med offentlege og private arealplanar. Eininga arealforvaltning består av avdelingane byggesak, landbruk og geodata. Fagområda i eininga utfører mellom anna forvaltningsoppgåver etter plan- og bygningslova, jordlov og kart- og oppmålingsarbeid etter delingslova.

Teknisk drift

Eininga Teknisk drift har ansvar for investering, drift og vedlikehald av kommunale vegar, vatn og avløp, renovasjon og slam. For renovasjon ligg fagansvar i Lindås kommune for interkommunal renovasjonsordning (NGIR)

Brann og redning

Brann og redning er organisert som ei eiga eining og består av fagområda brannførebygging, feiing og brann- og redningsteneste. Brannførebygging er eit samarbeid mellom 9 kommunar (NGIB). Feiing er eit samarbeid med Meland kommune. Brann og redning er eit samarbeid med kommunane Meland og Modalen.

Eigedom

Eigedomseininga har ansvar for investering, drift og vedlikehald av alle kommunale bygg, eigedomar og anlegg. Det gjeld også drift og vedlikehald av kommunen sine uteområde, leikeplassar og idrettsanlegg.

Investeringsbudsjett

Investeringsbudsjettet omfattar investeringar i anleggsmidlar, utlån og eventuelle forskotteringar. Budsjettet skal syna korleis desse investeringane er planlagd finansiert.

Lindås kommune har dei seinare åra gjennomført store investeringar, noko som har ført med seg ein stor auke i lånegjelda (sjå utvikling i lånegjeld per innbyggjar på side 9).

Frå 2009 til 2021 har lånegjelda knytt til generelle investeringar (lånegjeld til vann og avløp er ikkje medrekna) auka frå 340 mill. kr til 1 399 mill. kr. Det er slik rådmannen vurderer det heilt naudsynt å få ei kraftig utflating av denne gjeldsveksten.

Dagens rentenivå er svært lågt, og det er viktig å vurdere dagens låneopptak opp mot kva renteutgiftene vil bli med ei høgare rente. Dette for å sikre at Lindås kommune vil vere i stand til å innfri sine gjeldsforpliktingar i åra etter økonomiplanperioden utan at det går dramatisk ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. Med den generelle lånegjelda per 2021 på 1 399 mill. kr. vil rentebelastninga vere 25 mill. kr høgare med 4% rente samanlikna med den budsjetterte renta. Dette tilsvarer ein reduksjon på om lag 37 årsverk i tillegg til det som ligg inne av innsparingar i økonomiplanperioden.

Følgjande tabell kan illustrera effekten av renter og avdrag i driftsrekneskapen (avdragsperiode 30 år):

Med 2,5% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	291 667	583 333	1 458 333	2 916 667	5 833 333

Med 4% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	366 667	733 333	1 833 333	3 666 667	7 333 333

Investeringsoversyn

Når det gjeld kolumna for budsjett 2017, inneheld denne rådmannens forslag til endringar i samband med 2. tertialrapport 2017. Prosjekt som er endra frå vedteken økonomiplan er merka med rødt.

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt- kostnad	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Sum 2018- 2021
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	Sum administrasjonsbygg (delsum)		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
2	Ny Alversund barneskule inkl hall		280 000	25 000	171 000	78 233	274 233
3	Tomt ny Alversund barneskule						
4	Knarvik barneskule inkl hall		227 500	156 750	35 000		191 750
	Lønns og prisstigning Knarvik 2018 kroner		3 643	2 978	665		3 643
5	Ny skule Eikanger/ Kløvheim		115 000	500	20 000	94 040	114 540
6	Kjøp av tomt ny skule Eikanger/ Kløvheim						
7	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000
8	Påbygg Leiknes skule		23 600	20 100			20 100
	Lønns og prisstigning Leiknes 2018 kroner		382	382			382
9	Investering skulebygg	Løpande	2 500	5 000	5 000	5 000	17 500
	Sum skulebygg (delsum)		218 460	231 915	177 523	5 250	633 148
10	Utstyr idrettsanlegg	Løpande	200	200	200	200	800
11	Investering Kultur og idrett	Løpande	670	200	200	200	1 270
12	Utvikling veg og parkering Kvamsvågen			300			300
13	Hall Ostereidet		50 000	500	20 000	29 500	50 000
	Sum kultur og idrett (delsum)		1 670	20 400	29 900	400	52 370
14	Ny barnehage Lindås		60 000	500	20 000	39 500	60 000
15	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	Sum barnehagebygg (delsum)		1 500	21 000	40 500	1 000	64 000
16	Nye bustader rus og psykiatri		13 700	10 450			10 450
17	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
18	BSHP - Prosjektering, Kjøp av 4 hybler til ungdommer	Ikke avklart			200		200
19	BSHP - Prosjektering, 6 leiligheter til voksne/ familier	Ikke avklart			200		200
	Sum helse og sosial (delsum)		12 450	2 000	2 400	2 000	18 850
20	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	3 250	1 000	1 000	1 000	6 250
21	Bufellenskap		16 000	600	7 600	3 750	11 950
22	Takheiser sjukeheim		200	200			200
	Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)		4 050	8 600	4 750	1 000	18 400
23	Kyrkjeleg fellesråd		500	500	500	500	2 000
	Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)		500	500	500	500	2 000
24	Sum vann		96 000	23 000	24 000	30 000	173 000
25	Sum avløp		36 000	45 300	63 000	19 000	163 300
26	Sum veg		17 000	15 300	15 300	16 500	64 100
27	Sum Brann		600	400	4 000	500	5 500
28	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
29	Offentlige pålegg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
30	Breiband og mobilprosjektet		8 750				8 750
31	Planlegging Knarvik		25 000	6 000			6 000
32	Utbygging Knarvik		50 000	35 000	15 000		50 000
33	Utbygging Storemyra			45 000			45 000
34	Forskottering Sjurset - Litlås privat del		30 000				30 000
35	Digitalt kartverk		250	250	250	250	1 000
36	Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		4 000	2 000	2 000	2 000	10 000
37	IKT-anlegg		3 115	3 000	3 000	3 000	12 115
38	Egenkapitalinnskot KLP		3 250	3 250	3 250	3 250	13 000
	Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda		141 865	30 000	15 000	15 000	188 865
	Brutto investeringar		532 095	400 415	378 873	93 150	1 404 533

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Sum 2018- 2021
Investeringar finansiert av kommunale inntekter	400 095	332 315	291 673	44 150	1 068 233
Investeringar finansiert av gebyr vatn og avløp	132 000	68 300	87 000	49 000	336 300
	532 095	400 615	378 673	93 150	1 404 533

Finansiering

I tillegg til dei brutto investeringane skal også opptak av nye Husbanklån, og avdrag på slike, finansierast:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Sum 2018- 2021
Brutto investeringar	532 095	400 615	378 673	93 150	1 404 533
Avdrag på formidlingslån	16 600	18 000	18 000	18 000	70 600
Formidling av Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Sum finansieringsbehov	563 695	433 615	411 673	126 150	1 535 133

Sum finansieringsbehov vert finansiert slik:

FINANSIERING	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Sum 2018- 2021
Lån					
Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Generelle investeringar	255 497	223 288	181 789	0	660 575
Avløpsrenseanlegg	36 000	45 300	63 000	19 000	163 300
Vassverk	96 000	23 000	24 000	30 000	173 000
Sum låneopptak	402 497	306 588	283 789	64 000	1 056 875
Mottekne avdrag på formidlingslån	16 600	18 000	18 000	18 000	70 600
SUM EKSTERN FINANSIERING	419 097	324 588	301 789	82 000	1 127 475
Anna finansiering					
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	76 569	65 373	57 325	7 780	207 047
Driftsfinansiering eigedomsskatt	31 379	31 379	31 379	29 945	124 082
Auka egenfinansiering av investeringar	20 000				20 000
Tilbakebetaling forskotterint Sjurset Litlås	3 400	3 325	3 250	3 175	13 150
Statlig investeringstilskot, bufelleskap			5 880		5 880
Tilskot frå Alvidra - hall Alversund			2 000		2 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	3 250	3 250	3 250	3 250	13 000
Tilbakebetaling forskottering Storemyra	10 000	5 500	5 500		21 000
Sal av brannbil			1 500		1 500
SUM INTERN FINANSIERING	144 598	108 827	110 084	44 150	407 659
SUM FINANSIERING	563 695	433 415	411 873	126 150	1 535 133

Kommentarar til prosjekta

1) Investering administrasjonsbygg:

Ombygging, utbetring og tilpassingar av administrasjonsbygg. I 2018 er det til dømes planlagt pause- og fellesareal for vaksenopplæring i blått bygg i Knarvik, i tillegg til bygging av vigelsrom på rådhuset.

2) Alversund barneskule, inkl hall:

Målet er at ny Alversund skule og hall skal vere ferdig i 2020. Budsjetttramma er basert på ein skule for 450 elevar og ein hall med handballstorleik og ¼ forlenging med basishall. Det skal og byggjast lokalar for ungdomsklubben.

3) Tomt ny Alversund barneskule:

Ny Alversund skule er planlagt sør for dagens skule. Området for skule, uteområde, tilkomstveg og parkering må regulerast. Det pågår forhandlingar om kjøp av tomt. Av omsyn til forhandlingane er

ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet. Det er berekna renter og avdrag av forventa kjøpesum.

4) Knarvik barneskule, inkl hall:

Byggearbeid med Knarvik barneskule starta hausten 2017. Det blir bygd ein skule for 450 elevar saman med ein fleirbrukshall med handballstorleik og ¼ ekstra lengde med klatrevegg og areal for kampsport. Ny Knarvik barneskule er planlagt ferdig til skuleåret 2019.

5) Ny skule Eikanger/ Kløvheim:

I kommunedelplan for skule 2014-2018 er det lagt inn ein felles skule for Eikanger/Kløvheim. Det er lagt inn midlar i 2018 til reguleringsarbeid i samband med ny tomt og planlegging. Byggestart er planlagt i 2019. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

6) Kjøp av tomt ny skule Eikanger/ Kløvheim:

Det blir jobba med å finne ny tomt til ein felles skule for Eikanger/Kløvheim. Av omsyn til forhandlingane er ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet. Det er berekna renter og avdrag av estimert kjøpesum

7) Leikeplassutstyr:

Det er sett av ei ramme kvart år til nye leikeapparat. Dette gjeld både for skular og for barnehagar.

8) Påbygg Leiknes skule:

Elevtalsprognosane på Leiknes skule krev ei utviding av skulen, og det blir lagt opp til ei utviding frå 190 elevar til 300 elevar. Dette krev 4 ekstra klasserom, grupperom, garderober og lærararbeidsplassar. Påbygg skal stå klar i slutten av 2018.

9) Investering skulebygg:

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering treng også oppgradering. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

10) Utstyr idrettshaller:

Det er av og til behov for å bytte ut utstyr i hallane. Det er mykje bruk og høg slitasje.

11) Investering kultur og idrett:

Midlane går til oppgradering og tilrettelegging av Håkonshaugen på Seim. I tillegg skal ein innreie eit ubrukt rom i Lindåshallen til bruk som ungdomsklubb.

12) Utvikling ved og parkering kvamsvågen

Det er starta arbeid med å lage kjørbar gangveg og parkeringsplassar i Kvamsvågen. Det vil bli ferdigstilt i 2018. Dette gjer at friområdet kan nyttast av alle. Det blir laga handicap-plassar nede ved friområdet.

13) Idrettshall Ostereidet

I kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 er det lagt inn ein fleirbrukshall på Ostereidet med prosjektstart i 2019. Det er sett av kr 50 mill til hallen.

14) Ny barnehage Lindås

Tomt til ny barnehage er avklart og skal ligge ved dagens Kolås barnehage avd Soria Moria. Det er behov for ein barnehage for mellom 170 og 200 born. Det er sett kr 60 mill til prosjektet. Endelig storleik blir avklart i byggeprogrammet. Planen er byggestart i 2019.

15) Investering barnehagebygg:

Dette er midlar til oppgradering, tilbygg eller tilpassingar. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

16) Nye bustader (rus/psykiatri):

Dette er såkalla «hardbruksbustadar» for leigetakarar som av ulike årsaker treng ekstra robuste bustadar, for å avgrense slitasje og hyppig rehabilitering. Det er ikkje avsett tomt til føremålet og dette må avklarast i fyste fase.

17) Investering bustader:

Det er behov for rehabilitering av den kommunale bustadmassen. Kommunale utleigebustader blir slitt og må rehabiliterast ved utflytting. Det er behov for sikring i høve til brann for brukarar med fysiske handikap og andre som treng assistert røming. Bruken av bustadar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at bustadar også må endrast.

18) BHSP – prosjektering, kjøp av 4 hyblar til ungdom

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar i økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

19) BSHP – prosjektering 6 leiligheter til vaksne/familiar

Dette er oppfølging av Bustadsosial handlingsplan (BHSP). Det er lagt inn planleggingsmidlar i økonomiplanperioden. Kostnad med prosjekt er ikkje avklart.

20) Investering institusjonsbygg og omsorgsbustader:

Midlane i 2018 skal gå til følgjande prosjekt:

- Fullføring av sprinklaranlegg på den eldste delen av Ostertunet. Dette for å stette krava til assistert røming i risikoklasse 6.

- Mindre utvendig og innvendig rehabilitering, inkludert oppgradering av brannsikring og andre tekniske anlegg.
- Ombygging av kjøkken Ostertunet.
- Tilpassing av kjøkken på Kvasten avlastningsbustad.
- Innkjøp av møblar og inventar til sjukheimar og bustader.

21) Bufellesskap:

Bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Det er kjøpt tomt i Alversund, men denne må regulerast om til rett føremål i samband med kommunedelplan Knarvik- Alvesund. Detaljplan vil bli forsøkt utført parallelt med kommunedelplan. Byggeprogram blir lagt fram tidlig i 2018.

22) Takheiser sjukeheim

Det er behov for fleire takheisar på 27 pasientrom, på grunn av auka pleietyngde og som HMS-tiltak.

23) Kyrkjeleg fellestråd:

Fellestrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

24) Vatn

Det er lagt opp til følgjande investeringar for vatn i økonomiplanperioden:

- Styrke drikkevassforsyninga på Mongstad, med fullføring av hovudreinseanlegget og den nye store overføringsleidning Sjursetvatn – Litlås, samt del i ny overføring frå Tykhellervatn og til Sjursetvatn.
- Samanbinding av hovudvassverket Storavatenet og Kløve vassverk, med ny leidning mellom Kleivdal og Fammestad.
- Ny sjøleidning Kvamsvåg – Remme. Dette er styrkinga av vassforsyninga til Alverstraumen/Hilland og framtidig samanbindingssystem mot Radøy.
- På Mongstad er det vidareføring av byggeprosjektet med nytt behandlingsanlegg, samt fullføring av nytt leidningsnett ned til BOH-kaien.
- Oppstart av ny felleisleidning for Statoil og kommunen mellom Sjursetvatn og Litlås.
- Utanom dette kjem ulike mindre utbyggings- og oppgraderingsarbeid, samt mykje planarbeid i høve storutbyggingane på Mongstad og i Knarvik.

25) Avløp

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattande investeringar i avløpsoverførings-systemet frå Alverstraumen og til Knarvik, samt etablering av hovudreinseanlegget på Kvassneset i Knarvik. Vidare er det lagt opp til vidare transformasjon av Knarvik og utbygging av avløp. Reinseanlegg på Mongstad Sør er også eit sentralt prosjekt i perioden.

26) Veg

I kartlegginga av tilstanden til kommunale vegar, bruer og kaiar er det dokumentert eit etterslep på vedlikehald. I økonomiplanperiode er det lagt opp til følgjande prioriteringar:

- Av kaiane er det spesielt Bjørsvik kai og Isdalstø kai som vert prioritert, og mindre utbetringar av andre kaiar til dømes Knarvik nord kaia. Eikemo bru 2 (innerste) vert ferdigstilt med rehabilitert beresystem og nytt tredekke i 2018.
- For å ivareta vegkapitalen på dei kommunale vegane er det sett av kr 4 mill til asfaltering i 2018. Vegar som vert prioritert asfaltert er mellom anna Hønsedalen (Seim), Knarvikgarden (mot Knarvik nord kaia), Bergås, Titledsvegen (Nappane), Høghøyen/Furudalen, Dalane, Skarsvågen og Bjørnevoll.
- Det blir sett i verk preventivt dekkevedlikehald på vegdekker ved hjelp av teknikkar som slamasfalt, overflatebehandling mm. Dette for å sikre forlenging av levetida på asfalten.
- For å møte utfordringane med ekstremnedbør i samband med klimaendringane, vil det også vere fokus på forsterking av overvass-system og rassikring av sideterreng. Det er planlagt utbetringar på Bjørgo og øvre del av Hopsdalsvegen.
- Arbeid med å tryggje vegar med usikre kantar med stålrekkverk og betongkantar.
- Frå sentralt hald vert det kravd ombygging av alle eldre offentlege veglys. Prosjekt for desse arbeida starter i 2018.
- Andre prioriterte oppgåver er nye vegskilt, vegmerking kommunale veger og fornying av driftsmidlar.

27) Brann

Det er laga ein langsiktig investeringsplan for brann og beredskap. I økonomiplanperioden blir det lagt opp til å investere i fleire nye kjøretøy og sikre utskifting av viktige driftsmidlar. I 2018 blir det mellom anna lagt opp til å investere i ein ny

arbeidsbil som skal erstatta kjøretøy som er tatt ut av drift pga alder og tilstand. I 2020 blir det investert i ein ny stor brannbil. I tillegg blir det investert i nødvendig utstyr for å tilfredsstille krav iht forskrift, lokal risiko og krav satt av Arbeidstilsynet til «rein brannmann».

28) Universell utforming/ særlig tilrettelegging:

Denne posten skal nyttast der ein må gjere tiltak for å stette krava til universell utforming, eller der det kjem inn særlege behov for tilrettelegging. Døme kan være at det kjem elevar på skulene med særlege behov for tilrettelegging eller i barnehagane. Avvik i høve til vernerundane blir også lagt inn i denne posten.

29) Offentlige pålegg:

Dette er ein post for å lukke avvik som følgjer av offentlege pålegg, eller avvik som vil komme som pålegg viss ein ikkje lukker avviket. Døme på dette er brannavvik, krav om fettutskillar, utfasing av oljekjele osv.

30) Breiband og mobilprosjekt

Desse midlane blir nytta som eigendel i fiber- og breibandsutbygging som starta i 2017. Dette er utbygging kor Lindås kommune har fått statlige midlar via NKOM. Midlane blir også nytta i eit nytt anbod i 2018. I tillegg er det lagt inn kr 2,25 mill. nok til å gjennomføre mobilprosjekt som blei vedtatt i 2015.

31) Planlegging Knarvik

Områdeplanen set rammene for den vidare detaljplanlegginga av ulike areal, infrastruktur og anna for framtidig bystruktur.

I budsjettposten for 2018 er følgjande hovudprosessar planlagt utført:

- Ferdigstilling av anbudsprosess for senking av Kvassnesvegen, inkl infrastruktur.
- Ferdigstilling av reguleringsarbeid for senking av Kvassnesvegen.
- Konsulentarbeid med utgreiing av mogeleg parkering i fjellhaller under Knarvik.
- Utgreiing vedr kollektivtrafikk/midlertidig skysstasjon
- Planlegging/detaljering av ulike offentlige areal i Knarvik.
- Arbeid med utbyggingsavtaler og grunnlaget for desse.
- Vidare planlegging av fase to av utbygginga, - etter senking av Kvassnesvegen.

- Mulighetsstudie for det området der Western Geco hadde industriverksemd.

I tillegg til dette kjem omfattande prosessarbeid som vedkjem E39. Dette vert dekkja av Statens vegvesen/Nordhordlandspakka. Deler av prosjekteringa av VA-anlegga vert dekkja innanfor kommunale rammeposter for VA.

32) Utbygging Knarvik

Anleggsarbeidet med transformasjon av Knarvik til meir bystruktur startar for fullt i 2018 med følgjande hovudprosessar:

- Senking av Kvassnesvegen
- Del av anleggskostnad for vatn, avløp og overvatn i Kvassnesvegen som ikkje vert dekkja av rammeposter på VA
- Trafikkavvikling i Kvassnesvegen, inkl midlertidig omkjøringsveg via Bruvegen
- Ombygging av Skysstasjonen
- Midlertidige tilpassingar på eigedomar
- Midlertidige fortau
- Overvassanlegg mot Kvassnesstemma

Mesteparten av dette arbeidet vil strekke seg langt inn i 2019. Då er det forutsett at anleggsarbeidet med ny E39 og oval rundkjøring starter opp i regi av Statens vegvesen og Nordhordlandspakka.

33) Utbygging Storemyra:

Kommunen har saman med Mongstad Vekst forskottert midlar til utbygging av næringsområdet Storemyra på Mongstad. Utbyggingsavtale er på plass og prosjektering av arbeidet startar i 2017. Det er planlagt utbygging i løpet av 2018.

34) Forskottering Sjurset – Litlås, privat del:

Etter avtale med Statoil ASA er det lagt inn at Lindås kommune skal forskottere 30 mill. kr for utbygging av overføringsleidning Sjurset – Litlås. Forskotteringa vert tilbakebetalt årleg i samsvar med avtalen.

35) Digitalt kartverk:

Investeringar i nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geodataplan for Sogn og Fjordane og Hordaland i perioden 2017-2020. Kontinuerlig kartlegging FKB data og laserscanning i områder med stor aktivitet (Knarvik-Alver, Mongstad), nytt landsdekkande høgdegrunnlag vert sett i verk i perioden, og omløpsfotografering FKB-data.

36) Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar:

Dette kan vere mindre tomtekjøp eller grensejusteringar av strategiske eller praktiske omsyn.

37) IKT-anlegg:

Investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekne IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

38) Egenkapitalinnskott KLP

Lindås kommune bytta pensjonsleverandør til KLP frå 01.01.2014. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/17	Administrasjonsutvalet	PS	21.11.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/3371

Melding/orientering til administrasjonsutvalet 21.11.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak
Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

Orienteringar:

- Eigedomsskatt på verk og bruk, framlegg til endring i statsbudsjettet

.....